
| | |
|---------------|---------------|
| Saksnr: | 2020/37836-10 |
| Saksbehandlar | Janne Grønli |
| Dato: | 10.07.2020 |

Oversending av klage på vedtak - gnr. 186 bnr. 157 - fv. 5302 - Bergen kommune

Samandrag

22.01.2020 mottok INV forvaltning Bergen søknad om ny avkøyrsla frå FV5302 til gnr. 186 bnr. 157, Kvernevika 2, Tertnes i Bergen kommune. Bakgrunn for søknad var tilkomst for leigebuarar i utleigeining 2A på eigedommen.

10.03.2020 av slo INV Forvaltning Bergensområdet søknaden med bakgrunn i at avkøyrsla allereie har ei godkjent avkøyrsla med gode parkeringsmoglegheiter. I tillegg til at auka tal avkøyrslar aukar fare for trafikkulukker. Det vart og påpeikt at angitt plass for avkøyrsla i søknad, ikkje vil stetta krav til geometrisk utforming og sikt.

07.04.2020 klaga Ann-Christin Holmefjord vedtak av 10.03.2020, med bakgrunn i at dei meiner at dei kan tilfredsstilla krav til sikt.

Vedtak

INV forvaltning Vestland stettar avslag på søknad om ny mellombels bruk av avkøyrsla av 10.03.2020, fatta av INV forvaltning Bergen. Klage frå Ann-Christin Holmefjord vert difor avslegen, og saka vert sendt vidare til ORO - politisk sekretariat for vidare klagehandsaming.

Fylkesdirektøren infrastruktur og veg (INV) :

Bakgrunn

22.01.2020 søkte Ann-Christin Holmefjord om ny avkøyrsla langs fv. 5302 til bruk for ein utleigeining på sin eigedom gnr. 186 bnr.157, Tertnes i Bergen kommune, sjå kart 1 og 2 under.

Det er ikkje grunngjeve kvifor dei vil ha eige avkøyrsla til utleigeleilegheita, når dei allereie har rikeleg med parkeringsplass på sin eigedom jf. figur 1.



Oversiktskart 1, gnr. 186 bnr. 157 er vist i oransje.



Oversiktskart 2, gnr. 186 bnr. 157 er vist i oransje.

Stadlege opplysningar

Fartsgrensa på staden er 40 km/t, og årleg døgntrafikk (ÅDT) er 300 køyrety.

Fylkesvegen er klassifisert til haldningsklasse 4, jf. «Rammeplan for avkøyrslar og byggjegransar på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013 - 2016).»




Fig.1 Gbnr. 186/157 syner eigedommen som ynskjer ei ekstra avkøyrslse. Grøn prikk Syner godkjend innkøyrslse. Turkis prikk syner omtrentleg plassering av omsøkt avkøyrslse. Raud prikk syner leilegheit. Raud stipla sirkel syner ei gravemaskin som syner at det er god plass til parkering på tomta via eksisterande tilkomst.

Rettsleg grunnlag

Veglova § 1 a

Formålet med denne lova er å tryggje planlegging, bygging, vedlikehald og drift av offentlege og private vegar, slik at trafikken på dei kan gå på eit vis som trafikantane og samfunnet til ei kvar tid kan vere tente med. Det er ei overordna målsetting for vegstyremaktene å skape størst mogleg trygg og god avvikling av trafikken og ta omsyn til grannane, eit godt miljø og andre samfunnsinteresser elles.

Veglova § 40

Avkøyrslse frå offentleg veg må berre byggast eller nyttast etter reguleringsplan eller arealdel av kommuneplan etter plan- og bygningsloven.

Ligg det ikkje føre nokon reguleringsplan som nemnd, eller planen ikkje omfattar avkøyrslse, må avkøyrslse frå offentleg veg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå vegstyremakta.

Vegstyremakta kan krevje at avkøyrslse frå offentleg veg skal byggast etter ein plan den godkjenner.

Rammeplan for avkøyrslser

Rammeplan for avkøyrslser I «Rammeplan for avkøyrslser med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrenser for riks- og fylkesveg i Region vest 2017-2020» er fv. 5307 vist med fargekode grøn - lokalvegfunksjon - haldningsklasse 4.

Det følgjer av side 16 i rammeplanen at det skal leggjast opp til ei konsekvent handsaming av søknad om avkøyrslse. Utgangspunktet for vurderingane er at kvar enkelt strekning er plassert i ein av fire haldningsklassar.

Det følgjer av rettleiinga på side 5 at ein ikkje kan avslå avkøyrsløknader eller søknad om dispensasjon frå byggegrensa berre med tilvising til rammeplanen eller haldningsklassane.

Veglova krev at ein skal gjere ein konkret vurdering av det einskilde tilfelle, når ein fattar vedtak etter veglova. Ved avslag av ein søknad skal ein gjere greie for dei omsyn og vurderingar som ligg til grunn for avslaget.

SVV si handbok R701

Ved handsaming av avkøyrsløknader skal det gjerast ei totalvurdering, der det i tillegg til sjølve staden for avkøyrslø, også må takast omsyn til framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrslø frå.

Klage og merknadar frå Ann-Christin Holmefjord

Klage sendt 07.04.2020

I klagen vert det vist bilete som syner bergnabb som skal fjernast og postkassestativ som kan fjernast for å oppnå god nok sikt.

Det er ikkje nemnd noko om radius på 4 meter (8 meter i diameter) som ikkje er mogleg å oppnå på det aktuelle avkøyrsløpunktet.

Fylkesdirektør for infrastruktur og veg si vurdering

Ut frå kartgrunnlag kan vi ikkje sjå at det er grunnlag for å gje ei ny avkøyrslø til ein eigedom som allereie har ei godkjent avkøyrslø med god plass til parkering.

På tross av at søkjar ser ut til å ha god nok sikt, er det ikkje mogleg å oppnå tilfredsstillande radius i avkøyrslø på det punktet søkjar ynskjer å ha avkøyrslø.

Dersom denne klagen skulle vore teken til følge, vil ein risikera presendes i liknande saker. Det kan medføra eit auka press på hovudvegens transportfunksjon (framkomst for alle som ferdast på offentleg veg). Eit auka tal avkøyrslø på ein vegstrekning aukar og faren forulukker, då det vert mykje meir å passa på for dei som ferdast på og langs hovudvegane.

Fylkesdirektør for infrastruktur og veg finn ikkje grunn for å gjere om vedtaket om avslag på utvida bruk av avkøyrslø av 10.03.2020.

Vedlegg

- 1 Klage på vedtak- 07.04.2020 - Tertnes i Bergen
- 2 Avslag - datert 10.03.2020 - Tertnes i Bergen
- 3 Søknad - Kvernevika 2A - Tertnes i Bergen

Over er hovuddokument i saka lagt ved. Fleire dokument ligg under saknummeret.